



Pressemelding 9. september 2020

## **Slik skal Alver støtte Bergen-tiltaka**

**– Vi oppmodar alle som bur i Alver om å unngå unødvendige reiser til Bergen dei neste ti dagane, seier ordførar i Alver, Sara Hamre Sekkingstad.**

Bergen har innført egne korona-tiltak for å handtere smitteutbrotet i kommunen. Tiltaka gjeld i ti dagar frå 8. september.

– Vi støttar opp under desse tiltaka og oppmodar innbyggjarane våre om å unngå unødvendige reiser til Bergen i denne perioden. Til dei som må reise til Bergen og ikkje kan velje vekk kollektivtransport er rådet å bruke munnbind – dersom du ikkje kan halde ein meters avstand, seier ordførar i Alver, Sara Hamre Sekkingstad.

### **Heimekontor for pendlarar**

Fleire av dei som bur i Alver pendlar til arbeid i Bergen. Mange pendlar også andre vegen, frå Bergen til Alver.

Rådmannen i Alver har ei oppmoding til dei som pendlar til og frå Bergen.

– Jobb frå heimekontor, dersom det er mogleg og arbeidsgjevar kan leggje til rette for dette, seier rådmannen.

### **Bergensarar må følgje egne reglar**

Rådmannen understrekar at Alver er i ein annan situasjon enn Bergen.

– Vi har ikkje eit lokalt smitteutbrot hos oss, og skal difor fortsette å følgje dei nasjonale retningslinjene. Men det er viktig at vi støttar Bergen kommune og bidrar til at dei får kontroll på utbrotet, seier Raknes Forthun.

Han ber difor bergensarar om å følgje Bergen kommune sine reglar for arrangement, også når dei besøker Alver.

### Kontaktpersonar i Alver kommune:

- Sara Hamre Sekkingstad, ordførar  
Mobil: 456 07 474
- Ørjan Raknes Forthun, rådmann  
Mobil: 915 86 338